

## SAK 46/22 TILSKOT/SPONSORORDNING FOR IDRETTS- OG KULTURAKTIVITETAR

### Saksopplysning:

I sak 38/20 sponsormidlar, gjorde Regionrådet for Hallingdal slikt vedtak:

1. Regionrådet for Hallingdal i samarbeid med Hallingdal kraftnett (HKN) vil frå 2021 etablere ei felles tilskots/sponsorordning for idretts- og kulturaktivitetar i Hallingdal, der Regionrådet for Hallingdal administrera løysinga og der HKN løyver eit årleg tilskot til løysinga HKN deltek i saker der det skal gjerast vedtak om kven som får tildelt midlar.
2. Følgjande retningslinjer skal gjelde for ordninga:
  - Tilskot skal gjelde tiltak med mogelegheit å famne heile Hallingdal
  - Tilskot skal gjelde barn og unge
  - Enkeltpersonar kan ikkje søkje om tilskot
  - Tilskot skal profilere Hallingdal på ein positiv måte
3. Årleg beløp på kr. 300 000 blir disponert på følgjande måte
  - a. Kr. 100.000 til Hallingdal Fotballklubb er allereie disponert direkte av styret i HKN med bakgrunn i årleg samarbeidsavtale
  - b. Kr. 200 000 blir disponert av regionrådet i samarbeid med Adm. dir. i HKN. Dette beløpet kan det søkjast om tilskot frå, søknadsfrist 1.mars. Det er opning for å søkje om fleirårig løyving.
4. Det skal haldast årleg evalueringsmøte av ordninga, mellom Regionrådet for Hallingdal og HKN, som regionrådet tek initiativet til.

### Økonomi:

For 2022 har styret i HKN løyvd kr. 300 000 der 100 000 er øyremerka HFK og 200 000 skal gå til Regionrådet. Regionrådet har udisponerte midlar frå 2021 på totalt kr. 50 000. I tillegg har HKN sagt at dei løyver kr 200 000 til filmprosjekt «det kvite gullet» 100 00 av desse midlane skal ta-kast frå Regionrådspoten om denne er tilgjengeleg.

Det betyr at Regionrådet har kr. 250 000 til disposisjon når HFK sin øyremerka del er trekt ifrå.

Det er 2 aktørar som har søkt om til saman kr. 110 000 i støtte.

- Hugnad UL: Folkedansopplæring på Hugnadheim på Torpo. Søkjer kr. 40 000
- Hallingdal Juniorspelemannslag. Folkemusikkopplæring. Søkjer kr. 70 000

### Vurdering:

**Hugnad UL** har drive folkedansopplæring på Hugnadheim på Torpo i 25 år, med deltakarar frå nesten heile Hallingdal. Det har vore god deltaking heile tida og dei siste 14 åra har det til ein kvar tid vore 50-60 unge i alderen 7 til 19 år med på aktivitetane. I alle desse 25 åra er det Gunn-laug Lien Myhr og Martin Myhr som har stått for det pedagogiske arbeidet.

Dagleg leiar meiner at søknader er i tråd med dei kriteriene som Regionrådet har sett for til-delning av midlar. Dette er den einaste aktøren i Hallingdal som har ført vidare dansetradisjonane i dalen vidare over tid og med ein langsiktig horisont, og dei viser til god deltaking i ein aktivitet som går føre seg store delar av året.

**Hallingdal Juniorspelemannslag** vart starta i 2006 for å gje unge utøvarar på hardingfele i Hallingdal eit tilbod i tillegg til kulturskulane. I 2010 vart langeleikundervisning innlemma i laget. Sidan dei kommunale skulane ikkje tilstrekkeleg tilbod, har Hallingdal Juniorspelemannslag drive prosjektet Ung Halling sidan hausten 2018. Der driv dei opplæring i torader og langeleik, og støt-teundervisning i hardingfele, samt prosjekt for folkesong, «Kvedarrekrutten

I tillegg til instrumentopplæring, arrangerer laget «Storhelg i Hallingdal». Det er ei av dei største samlingane i landet for tenåringar som held på med folkemusikk og dans, med opptil 100 deltakarar frå heile Sør-Norge, der om lag ein fjerdedel er frå Hallingdal.

Dagleg leiar meiner at søknader er i tråd med dei kriteriene som Regionrådet har sett for tildeling av midlar. Dette er ein aktør som har ført folkemusikktradisjonane i dalen vidare og dei viser til god deltaking i ein aktivitet som går føre seg store delar av året.

**Konklusjon:**

Dagleg leiar vurderer det slik at dei 2 søkjarane er i tråd med dei kriteriene som Regionrådet har sett for tildeling av midlar. I forslag til vedtak vert det foreslått at søkjarane får innvilga søknaden slik den står og at Regionrådet går inn for at filmprosjektet «Det kvite gullet» får kr 100 000 i 2021 og ikkje berre kr. 100 000.

**Forslag til vedtak:**

Regionrådet løyver sponsormidlane slik:

- Kr 40 000 til folkedansopplæring i regi av Hugnad UL
- Kr 70 000 til folkemusikkopplæring i regi av Hugnad UL
- Kr 100 000 til filmprosjektet «Det kvite gullet»

Hallingdal, 27. mai 2022

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar

**Vedlegg**

Søknader frå  
Hugnad UL:  
Hallingdal Juniorspelemannslag.  
«Det kvite gullet»

## Søknad om tilskot frå tilskot/sponsorordning for kultur og idrett.

Hugnad UL har sidan 1996 drive kontinuerleg opplæring i folkedans og folkesong på Hugnadheim. Mange hundre unge frå alle kommunar utan Flå har vore med på aktivitetane. I skrivande stund har vi deltakarar frå Gol, Ål og Hol. Det har vore ei tung tid for aktiviteten sidan nedstenginga for to år sidan. Vi har stort sett halde på med laus og kveding, men pardans fekk vi ikkje kome i gang att med før i haust. Det var lenge veldig liten deltaking, men no ser det ut til at det kan lausne litt. Med færre unge enn før pandemien får vi også mindre støtte frå nasjonale ordingar. Utgiftene er dei same.

Laget held i gang 5 dansegrupper. Laus for 2 og 3 klasse, laus for 4-7- , pardans 4-7 , laus for 8 og eldre og pardans 8 og eldre. Hugnad har det einaste tilbodet til ungdom frå Hallingdal som vil lære seg springar og gamaldans. Slik har det stort sett vore i 25 år. Så langt det går prøver vi å leige inn spelemenn/-kvinner til dei eldste gruppene.

Gjennom arbeidet har også unge fått opp auga for at folkedans er noko ein kan satse på. No er det 4 av våre elevar som har dansen, kvedinga og folkemusikken som heiltids arbeid. I tillegg er det like mange som har det som ein del av inntektsgrunnlaget sitt.

Ved sidan av å vera ein tradisjonsbærar for lokal kultur, arrangerer laget jamnleg konsertar for det vaksne publikummet med nasjonalt kjende musistarar. Vi lagar til juletefest, og vi har hatt årlege eldrefestar. Laget samarbeider med Snøgg i Snudnan som arrangerer folkedanskveldar for vaksne, og med Hallingdal Juniorspelemannslag som mellom anna arrangerer Storhelg i Hallingdal med Hugnadheim som hovudarena.

Utan Hugnad UL sitt arbeide hadde Hallingdal truleg ikkje hatt nokon under 40 år som kan stille opp og dansa springar og laus. Vi trur at dalen hadde vore fattigare utan.

Hugnad UL søker om kr. 40.000,- til fortsatt drift og til stadig naudsynt vedlikehald av Hugnadheim. Huset som fyller 108 år i år er ei perle utvendig, og har eit innhald vi er stolte av.

Vennleg helsing  
Hugnad UL  
v/Martin Myhr

## Søknad om støtte frå sponsorpotten til kultur og idrett.

Hallingdal Juniorspelemannslag vart stifta i 2006 for å gje tilleggsundervisning og eit sosialt miljø for hardingfeleelevar i kulturskulane i Hallingdal. Etter kvart starta vi også opp med opplæring i langeleik, sidan det ikkje var noko tilbod for det instrumentet.

Laget starta tidleg opp med samarbeid med Valdres Juniorspelemannslag, og det var starten for Storhelg i Hallingdal i 2014.

I 2018 starta vi opp rekrutteringsprosjektet Ung Halling. Der tilbyr vi støtteundervisning i hardingfele, grunnopplæring i torader og langeleik, og dei to siste åra kvedarrekrutten. Kvedarrekrutten og hardingfele har øving ein gong i månaden, medan for langeleik og torader er det jamnlege øvingar.

Grunnen til at vi søkte middel til dette er først og sist fordi det sørgeleg nok ikkje er nokon kulturskular som har tilbod på torader og langeleik. Og bur du ikkje i Ål eller Gol er det heller ikkje tilbod på hardingfele. Det heile er eit trist kapittel.

No er prosjektperioda over, og dei nasjonale pengane frå Dextra Musica kjem ikkje lenger. Håpet var at vi ved å synleggjera at det går an, skulle få kulturskulane saman til å vakne og ta grep. Det har vi ikkje sett noko til. Så då må vi prøve å halde fram med vår eiga kulturskule litt til. Laget er stifta for å vera eit sosialt og fagleg tilskot til kulturskulane, ikkje for å drive grunnopplæring slik vi gjer no.

Aktivitetar:   Hardingfele 6 deltakarar frå Ål og Gol  
                  Torader 7 deltakarar frå Ål  
                  Langeleik 6 deltakarar frå Gol, Ål og Hol  
                  Kvedarrekrutten 12 deltakarar frå Hemsedal, Gol, Ål og Hol

I tillegg arrangerer Hallingdal Juniorspelemannslag Storhelg i Hallingdal. Det er ei nasjonal kurshelg for ungdom frå 13-20 med konsertar, forestillingar og ein dansefest ein ikkje finn maken til. Det kjem deltakarar frå heile Sør-Norge, og vi har vanlegvis 80-100 påmeldte på hardingfele, fele, torader, langeleik, lur/seljefløyte, munnharpe, kveding, pardans og halling.

Budsjettet for 2022 er på kr. 305.000. Arrangementet har fått eit godt rykte der mange deltakarar kjem år etter år. Det er også slik at vi får telefonar frå heile landet frå arrangørar som for alt i verda ikkje vil kollidera med oss!

I år har vi inngått eit spennande samarbeid med Norges Musikkhøgskole. Folkemusikkstudentane der kjem på Storhelg med konsert og dansespel, og dei skal også vera med som instruktørar. Håpet er at dei skal inspirera fleire til å søke høgare utdanning innan folkemusikken.

Det kan vera verdt å nemne at 8 av våre eigne medlemmer har tatt eller tek slik utdanning. For tida er det ein student frå Gol og ein frå Ål som går på Raulandsakademiet med Langeleik som hovudinstrument. Og vi har tidlegare medlemmer som i dag lever av musikken på heiltid.

Hallingdal Juniorspelemannslag søker om kr. 70.000 for å kunne halde fram med «kulturskula» si, og for å sikre økonomi til Storhelg i Hallingdal.

Så håpar vi at Hallingdal etter kvart kjem på banen med langsiktige og gode ordningar for sin eigen tradisjon og vidareføringa av den.

Torpo, 21. mars 2022

Martin Myhr

*Hei Jan Olav.*

**Viser til avtale frå mars 2021 om stønad til filmprosjektet "DET KVITE GULLET"**

**"Finansiering av «Det kvite gullet»**

**HKH har styrevedtak på å bidra med kr totalt 200 000 kr i 2021 og 200 000 kr i 2022 og «regionrådspotten» er tilgjengeleg**

**Kr. 100 000 av av dei 200 00 skal altså takast frå Regionrådspotten» om denne er tilgjengeleg. Om ikkje regionrådspotten er tilgjengelig, vil HKH bidra med kr 100 000 i 2021 og kr. 100 000 i 2022.**

**Regionrådet har i dag handsama sak om sponsormidlar og tilskot og disponert i alt 200 000 av 300 000 for 2021.**

**Det betyr at regionrådspotten for inneverande år er tilgjengelig og at «det kvite gullet» er sikra 200 000 kr for 2021 og 100 000 kr. for 2022."**

**Me vil med dette søke om stønad på kr 100.000,- frå regionrådspotten for 2022 i hendhold til vedtaket frå mars 2021.**

**Oppmodar samtidig om utbetaling av den løyvde summen på kr. 100 000,- for 2022.**

**Konto 2320 15 64794**

**Me er elles i full gang med produksjonen. Me får kun positiv respons på alle me kontaktar vedr. opptak og me sit allereie på mykje spanande materiale.**

**Etter påske startar me på opptak saman med ECO inne i fjellanlegga og her kan me love mykje spanande bilder.**

**Me håper på positivt svar ang søknaden til regionrådspotten og ser fram til og høyre fra deg.**

**Mvh John**

John Storhaug  
Filmprodusentane AS  
Sundrevegen 79  
3570 Ål  
Tlf. 908 65 953  
[www.filmprodusentane.no](http://www.filmprodusentane.no)